

Sivilombudsman Arne Fliflet  
Stortingets ombudsmann  
for forvaltningen

Besøksadresse  
Akersgata 8, inngang Tollbugata  
Postadresse  
Postboks 3 Sentrum, 0101 Oslo

Telefon 22 82 85 00  
Grønt nummer 800 80 059  
Telefaks 22 82 85 11  
post@sivilombudsmannen.no

Os & Fusaposten  
Anne Kari Hinna  
Postboks 273  
5203 OS

S|OM

Vår referanse

Deres referanse

Dato

2008/42

08.08.2008

## KLAGE PÅ SAKSHANDSAMING AV KRAV OM INNSYN

Eg viser til tidlegare korrespondanse i saka, sist brev herifrå 16. juni 2008.

./. Vedlagt følgjer mitt brev i dag til Fusa kommune.



Arne Fliflet

Vedlegg

Fusa kommune  
Rådmannen  
Postboks 24  
5649 EIKELANDSOSEN

**S<sup>I</sup>OM**

Vår referanse

2008/42

Deres referanse

06/00881

Dato

08.08.2008

## SAKSHANDSAMING AV KRAV OM INNSYN

I brev 3. januar 2008 klaga avisa Os og Fusaposten til ombodsmannen over Fusa kommune si sakshandsaming av to innsynskrav.

Os og Fusaposten bad 12. mars 2007 om innsyn i eit dokument som inneheldt opplysningar om advokatutgifter Fusa kommune hadde hatt i samband med ei konkret sak. Etter ei purring klaga avisa 27. juni og 10. oktober 2007 over sein sakshandsaming. Avisa bad og om innsyn i ei anna sak 8. oktober 2007. Då kommunen ikkje svarte på nokre av innsynskrava, klaga avisa 6. desember 2007 til Fylkesmannen i Hordaland. I brevet 11. desember 2007 frå fylkesmannen til kommunen uttalte fylkesmannen at «det [var] gått lang tid sidan krava om innsyn vart sette fram», og presiserte at føremålet med innsynsreglane i offentlighetsloven tilseier at eit krav om dokumentinnsyn vert handsama raskt. Fylkesmannen la til grunn at kommunen følgde opp saka.

Os og Fusaposten mottok ikkje svar på innsynskrava og klaga til ombodsmannen i brev 3. januar 2008. I eit brev 16. januar 2008 bad ombodsmannen Fusa kommune gjere greie for den lange sakshandsamingstida og svare på når avisa kunne rekne med å få svar på innsynskrava. I tillegg blei kommunen bedt om å gjere greie for kommunen sine rutinar ved handsaminga av krav om innsyn.

Då det ikkje kom noko svar frå kommunen, blei det sendt surrebrev 22. februar, 17. mars og 29. mai 2008. Etter dette kom det svar 4. juni 2008. I brevet blei det opplyst at det var gitt innsyn i den eine saka 25. januar 2008, mens innsyn i opplysningane om advokatutgifter blei gitt 6. mai 2008. Kommunen orsaka den lange sakshandsamingstida og opplyste at sakshandsamingstida hadde samanheng med at saka ikkje var gitt «rett prioritet, samt arbeidssituasjonen». Til slutt informerte kommunen om at innsynskrav som hovudregel skal avgjerast innan 1-3 dagar, og der handsaminga tek meir enn 3 virkedagar skal kommunen «informera om det og så langt som mulig forventa sakshandsamingstid».

Saka gir grunn til følgjande merknader:

Det følgjer av offentlighetsloven § 9 første ledd at eit krav om innsyn skal avgjerast «uten ungrunnet opphold». Kommunen si handsaming av det eine innsynskravet tok tre månader og det andre 14 månader. Kommunen har orsaka at handsamingstida har vore svært lang. Denne orsakinga er på sin plass. Det er grunn til å kritisere at sakene ikkje blei handsama raskare og at kommunen ikkje følgde opp sakene etter fleire klager frå avisar, etter at fylkesmannen hadde bedt kommunen avgjere innsynskrava eller kommunen mottok brevet frå ombodsmannen i januar. Handsaming av krav om innsyn må gis høg prioritet for å sikre at retten til innsyn etter offentlighetsloven blir effektiv og reell.

Kommunen har opplyst at alle innsynskrav skal gis høg prioritet og som hovudregel handsamast innan 1-3 dagar. Dette er positivt og i tråd med det eg har understreka i særskilte meldingar til Stortinget og i fleire ombodsmannssaker (sjå mellom anna Somb-2005-14).

Kommunen brukte om lag fem månader på å svare på brevet 16. januar 2008 frå ombodsmannen. Eg minner i denne samanheng om at ombodsmannen har krav på å få dei opplysningane frå forvaltninga som han finn naudsynt, jf. ombudsmannsloven 22. juni 1962 nr. 7. Stortinget har sagt at korrespondanse frå ombodsmannen skal bli gitt prioritet, både hos sentral- og kommunalforvaltninga. Fusa kommune si handsaming av brevet herfrå er ikkje i tråd med denne føresetnaden.



Arne Fliflet